



Nynorsk kultursentrum

Med atterhald om endringar ved framføring
Styreleiar Lodve Solholm, Nynorsk kultursentrum

Årets nynorskbrukar 2019:

frisørkjedene Floke og Balanzera

Pristale under utdelinga av prisen under Dei nynorske festspela 13. juni 2019

Gode konsertgjester og kjære prisvinnarar,

Før vi skal le, juble og klappe for konserten skal vi klappe og juble for nokon som gjer eit arbeid for nynorsk skriftkultur utan at dei får veldig mange klapp på skuldra for det. No skal vi syne unntaket. Nynorsk er eit språk for alt. Du kan lære matoppskrifter, bli skremd i ein grøssar, rørt av ein raplåt eller bli dømt på nynorsk. Under Dei nynorske festspela feirar vi både forteljarar av fakta og fiksjon i musikken, pressa og litteraturen. Ein viktig del av Festspela er også at vi delar ut prisen Årets nynorskbrukar.

I arbeidet med ny språkmelding og språklov arbeider regjeringa med mål om at både nynorsk og bokmål skal vere samfunnsberande språk i Noreg. Eit samfunnsberande språk er eit språk der brukarane kan nytte språket ved alle høve. Nynorsk er i bruk i skulen, offentleg forvaltning, rettsvesenet, frivillige lag og organisasjonar, kunsten og næringslivet.

Bruken av nynorsk i næringslivet har auka på 2000-talet. No vil fleire vere unike og finne si eiga stemme. Nynorsk er meir i bruk i reiselivet og i marknadsføring av lokalprodusert mat enn før. Samstundes legg dei færraste kjedene til rette for at butikkar kan marknadsføre seg på nynorsk. Det gjer nynorsk mindre synleg i kvardagen.

Diktaren Ola Jonsmoen frå Alvdal skriv i romanen Middagshøgder frå 1986: «Det veit da alle, sa Knamannen forundra. Skulle ikkje *eg* vite det? Veit du ikkje at frisørar veit alt om kundane sine?» Dette er eit døme på kva frisøren tyder i lokalsamfunnet. Der møtest folk, dei snakkar i hop og dei tek seg god tid når dei først er der.

Prisen *Årets nynorskbrukar* blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing av nynorsk.

Prisen blir år delt ut for 20. gong. Prisvinnarane får 50 000 kroner kvar, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst som berre prisvinnarane våre har.

Årets nynorskbrukar 2019 er frisørkjedene Floke og Balanzera. Dei får prisen for å nytte nynorsk i marknadsføring av frisørtenester i by og bygd på aust- og vestlandet.

Floke er den første helse- og miljøvenlege frisørkjeden i Noreg. Kjeden har salongar i Oslo, Bergen, Førde, Jølster, Molde, Odda, Stavanger, Strandebarm, Voss og på Åsane Balanzera, som også er helse- og miljømedvitne, har to salongar i Oslo og ein på Kviteseid. Begge frisørgründerane nyttar nynorsk når dei kan i marknadsføring og kundekontakt. Dei er med på å gjere nynorsk synleg i så vel bokmålsdominerte stader som Bergen, Molde, Stavanger og Oslo som i nynorske kjerneområde i Vest-Telemark, Hordaland og Sogn og Fjordane. Innsatsen desse gjer er viktig for nynorskbrukarane. Det bur nynorskbrukarar i alle kommunane i Noreg, men skriftspråket vårt er ikkje synleg over alt og på alle område.

Innsatsen til desse frisørane er med på å auke den språklege sjølvtiliten og medvitnet til oss nynorskbrukarar.

Det er ei stor glede for meg å se administrerende direktør Irene Stana i Floke og eigar Trude Lundevall i Balanzera kome fram og ta i mot 50 000 kroner kvar og all den virak de fortener som Årets nynorskbrukar 2019!